

GRANVIN KOMMUNE
Postboks 13
5733 GRANVINDato: 31.05.2018
Vår ref.: 2016/35202-216
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområder 2018 - Statsbudsjettet kap 1420 post 78 - Underretting om tildeling

Det vert vist til dykkar søknad på den statlege ordninga om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde. Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte 25.4 og 24.05.2018, sak 53/2018 og 71/2018.

Granvin herad er tildelt tilskot til følgjande tiltak:

Kommune	Tiltak	Tildelt
Granvin	Grandane-Røynstrand	329 000
Granvin	Bygdatun	Avslag
Granvin	Grandane-Røynstrand	35 000
Granvin	Grandane-Røynstrand	Avslag

Vedlagt ligg ytterlegare informasjon om fordeling og vilkår for tildeling av midlar samt søknadsvurdering. **Her er også øyremerka midlar til universell utforming presisert på dei aktuelle områda.**

Grunngjeving

Klima- og miljødepartementet har for 2018 fordelt kr 44 mill. til fylkeskommunane til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420, post 78. Rammetildelinga frå Miljødirektoratet til fylkeskommunane er gjort på grunnlag av tall statleg sikra friluftsområder, registrerte forvaltningsplaner, samla kostnad knytt til behov for tiltak og samla søknadsvolum. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 5.500.000 til vidare fordeling. Kr 220.000 av desse er øyremerka tilrettelegging for universell utforming. Det er 47 søknadar med ein samla søknadsbeløp på kr 9.391.900.

Kriteria Klima- og miljødepartementet har sett for ordninga ligg til grunn for vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 25. april og 24.mai 2018. Friluftsområde som ligg i og ved byar og tettstader som blir eller har potensial for å bli mykje brukt, og som ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala, er prioritert. Den totale søknadssummen går langt ut over tilgjengelege midlar til fordeling.

Føresetnader for tilsegna

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med søknaden. Føremål og innhald samt kostnads og finansieringsplan skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som

- nemnt under.
- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/grafisk-profil/logo/>
 - Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningar dei finn påkrevd for sin kontroll.

Om føresetnadene ikkje vert oppfylte, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falle bort.

Rapportering

Sluttrapport for dei einsskilde friluftsområda skal leverast gjennom Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (elektronisk søknadssenter) innan 15. januar 2019.

Brot på vilkår og føresetnadar

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Det er ikkje klagerett på vedtak om midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, då desse ikkje vert å rekna som enkeltvedtak jf. forvaltningsloven, då berre kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF-format til Hordaland fylkeskommune

- Elektroniske fakturaadresse: **9908:938626367**
- Aksesspunkt: Visma
- Saksnummer: 2016/ 35202-216
- Ressursnummer: 12564

Tilskotet blir utbetalt så snart Hordaland fylkeskommune får overført tildelte midlar frå Miljødirektoratet. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Har de spørsmål kan de kontakte rådgjevar Eirik Knive eirik.knive@hfk.no eller på tlf. 55 23 91 66. Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd
kst fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde 2018
- 2 Tiltak i statleg sikra friluftsområde 2018
- 3 Fordeling av resterande løyving til tiltak i statleg sikra friluftsområder 2018, Statsbudsjettet kap. 1420, post 78
- 4 Tiltak i statleg sikra friluftsområde 2018